



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 18.03.2016  
Vår ref.: 2014/20686-14  
Saksbehandlar: benutne  
Dykkar ref.:

## **Disponering av overskot frå bompengerevning - Trekantsambandet og Nordhordlandsbrua**

Vedlagt følgjer vedtak og saksgang for sak 241/15 i Fylkesutvalet.

Hordaland fylkeskommune vil herved be Statens vegvesen om at tilsvarende saker for framtida blir lagt fram på før det går for lang tid.

John Martin Jacobsen  
seksjonsleiar

Bente Utne  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/20686-8

Saksbehandlar: Bente Utne

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel	99/15	09.09.2015
Fylkesutvalet	241/15	24.09.2015

**Disponering av overskot frå bompengeneinnkrevjing - Trekantsambandet og Nordhordlandsbrua****Samandrag**

Statens vegvesen Region vest har i brev av 4.6.2015 lagt fram forslag til bruk av midlane i bompengeprojekta Trekantsambandet og Nordhordlandsbrua. Fylkesrådmannen tilrår at Hordaland fylkeskommune sluttar seg til forslaget frå Statens vegvesen.

**Forslag til innstilling:**

1.	Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Trekantsambandet.
2.	Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Nordhordlandsbrua.

**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015**

**Inge Reidar Kallevåg** er styremedlem i Bømlopakken AS og melde seg innhabil i handsaming av saka.

Utvalet slutta seg til dette, og Kallevåg gjekk frå under handsaminga.

**Tom Skauge** sette fram alternativt forslag til pkt 1 i innstillinga.

Fylkesutvalet ynskjer at prosjekt E39 Stord – byggjing av rundkøyring i Tveitakrysset – vert erstatta av gong- og sykkelveg knytt direkte til E39,- anten frå Tveita i sør til Heiane, eller gong- og sykkelveg ved Tveita nordre.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).  
Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling:**

1. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Trekantsambandet.
2. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Nordhordlandsbrua.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2015**

**Inge Reidar Kallevåg** gjekk frå som ugild fordi han er styreleiar i Bømlo Vegselskap AS (Bømlopakken). Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Inge Reidar Kallevåg var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e. Kallevåg gjekk frå under røystinga.

Det var 14 representantar til stades.

**Aud Karin Oen** sette fram slikt forslag:

"Alternativt forslag til punkt 1 i innstillinga:

Fylkesutvalet ynskjer at prosjekt E39 Stord – bygging av rundkøyring i Tveitakrysset – vert erstatta av gang- og sykkelveg knytt direkte til E39,- anten frå Tveita i sør til Heiane, eller gang- og sykkelveg ved Tveita nordre."

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 13 røyster mot 1 røyst (SV) for Oen sitt forslag.

### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Trekantsambandet.
2. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Nordhordlandsbrua.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 24.08.2015**

Etter at bompenggeinnkrevjinga er avslutta, prosjekta er bygde og bomstasjonane er fjerna, vil det stå att noko ledige midlar. Desse skal i samsvar med avtalane fordelast til veganlegg i området der midlane er kravd inn.

Statens vegvesen lagar forslag om bruk av midlane, og fylkeskommunen har vedtaksmynde. Vedlagt brev frå Statens vegvesen Region vest av 4.6.2015 omtalar forholdet og forslag til disponering av midlane.

**Trekantsambandet**

Det står att ca 35 mill kr. Statens vegvesen foreslår å dela desse med ca 11,5 millionar kroner til kvar av kommunane:

- Sveio kommune: diverse tiltak på E39
- Stord kommune: diverse tiltak på E39
- Bømlo kommune: diverse tiltak på Fv542 og Fv23: Dette er tiltak som gjeld Bømlopakken, og er midlar som kjem i tillegg til Hordaland fylkeskommune sitt økonomiske bidrag til pakken.

**Nordhordlandsbrua**

Det står att 0,28 mill kr. Statens vegvesen foreslår at desse vert nytta som delfinansiering av midtrekkverk på E39 Tuft – Flatøy.

**Fylkesrådmannen sine merknader**

For øvrig viser fylkesrådmannen til vedlagt brev frå Statens vegvesen. Fylkesrådmannen har ingen merknader til framlegget frå Statens vegvesen, og rår til at Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dette.

For liknande saker i framtida vil fylkesrådmannen ta eit initiativ ovanfor Statens vegvesen for å sikra at det ikkje treng å gå så lang tid før ein formelt avsluttar bompenggeprosjekta og utbetalar overskotet frå bompenggeinnkrevjinga.